



SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2014/328	Løpenr. 4568/2014	Klassering K46
Sakshandsamar:	Alv Ottar Folkestad, Landbrukskontoret	

Utvalsaksnr **Utval**
Næring og miljøutvalet

Møtedato
03.06.2014

SØKNAD - INDRE BRANDAL HJORTEVALD

/ 2014/328

Tilråding frå rådmannen:

Med tilvising til heimelsgrunnet godkjenner Hareid kommune Indre Brandal hjortevald med eit teljande areal på 368 dekar.

Grunngjeving:

- 1. Etter Forskrift om forvaltning av hjortevilt, nr. 134, 2012.02.15, § 10, første ledd, og med tilvising til Viltloven § 33 om lovfesta jaktrett på vegar og veggrunn med annan grunneigar, og som og gjeld for rørgater, finn Hareid kommune at søknad om godkjenning av Indre Brandal hjortevald stettar minstekrav til samanheng, avgrensing og form.*
- 2. Etter same forskrift, § 11 pkt. a)-f), jf. og § 12 oppfyller søknaden kravet om kva opplysningar søknaden skal innehalde.*
- 3. Etter same forskrift, § 13 tek Hareid kommune søknaden opp til godkjenningsvedtak.*

Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering

Vedlegg:

Nr.	Namn	
1	Søknad om godkjenning av hjortevald	02.05.2014
2	Vedlegg til søknad	02.05.2014
3	Indre Brandal Hjortevald (2)	27.05.2014

Uprenta saksvedlegg:

Utskrift av «Rundskriv februar 2012 Viltloven – forvaltning av hjortevilt» Direktoratet for naturforvaltning. (Forskrift nr. 134, 2012.02.15 om forvaltning av hjortevilt).

LOV-1981-05-29-38 Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven).

Saksførebuing og vedtak i sak 2013/365 K46, NMU i møte 20.08.2013, PS 46/13 om tidlegare søknader om godkjenning av Skolma hjortevald. Denne og tidlegare omfattande dokumentmengde i saksjournalen for Hareid kommune og for Søre Sunnmøre landbrukskontor som gjeld saker knytt til hjortevald på gnr. 40, finst arkivert, men er vurdert ikkje å vere saksrelevante for realitetshandsaming av nye søknader på endra søknadsgrunnlag for 2014.

Samandrag av saka:

Saka gjeld søknad frå Ståle Brandal m. fl. om godkjenning av eit hjortevald kalla Indre Brandal hjortevald i sørlege del av gnr. 40 og gjeld godkjenning av eit lite hjortevald innafor seks bruksnummer. Tidlegare har gnr. 40 Brandal hatt godkjenning av eitt felles hjortevald, Brandal hjortevald, og det har fleire gonger vore søkt om godkjenning av utvida vald i samarbeid med granneeigedomar i sør, Håbakk gnr. 42 og Hovledet gnr. 43. Slik søknad vart avvist seinast ved ovafor nemnde vedtak i NMU 20.08.2013, PS 46/13.

For 2014 har Brandal Hjorteviltlag i NMU-møte 06.05.2014 fått godkjende fire hjortevald: Vestre Skolma hjortevald med 500 da (PS 31/14), Nørste Skolma hjortevald med 2090 da (PS 30/14), Synste Skolma hjortevald med 1235 da (PS 32 14), og Ostre Skolma hjortevald med 600 da. (PS 33/14).

Saksopplysningar:

Med utgangspunkt i avslag på søknad om godkjenning av eit større hjortevald for gnr. 40 i samarbeid med gnr. 42 og 43 i 2013, og etter som det ikkje vart vurdert å vere grunnlag for breitt samarbeid innafor gnr. 40 for eit samanhengande vald for heile gardsnummeret, valde Ståle Brandal m. fl., på same måte som Brandal hjorteviltlag, å søke om godkjenning av eit lite hjortevald for fem av bruksnummera på gnr. 40. Det gjeld 40/8, 40/13, 40/17, 40/26 og 40/87 (vedlegg 1).

Søknaden omfatta i utgangspunktet areal for dei aktuelle bruksnummera slik det går fram av kartvedlegg, og inkludert arealet på 40/70 med 10,5 da, der kommunen som grunneigar hadde stilt jaktretten til disposisjon gjennom formannskapsvedtak av 28.04.2014. Dette vedtaket vart som følgje av klage frå Brandal Hjorteviltlag SA gjort om inkje i nytt vedtak 26.05.2014. Det førte til at søkjarane har utvida valdet til også å gjelde gnr. 40, bnr. 20 for må kunne gje nytt søknadsgrunnlag der kravet til samanhengande areal vil vere eit vurderingspunkt for godkjenning, samstundes som delar av arealet på 40/26 har falle frå. Nytt arealgrunnlag gjeld 40/8 med 58 da, 40/13 med 50 da, 40/17 med 112 da, 40/20 med 6 da, 40/26 med 90 da og 40/87 med 52 da, i **alt 368 da**. Dette oppfyller kravet om minstemål pr. dyr, som er 350 da.

Areala nord for Indredalselva er fysisk samanhengande. Medrekna i omsøkt areal er ein parsell på 90 da sør for Indredalselva (40/26) som er skilt frå arealet på nordsida av elva av den kommunale eigedomen langs elvefaret. Viltloven § 33 handlar om grunneigar sin jaktrett på veg. Her vert det slege fast at den som eig grunn på begge sider av ein veg, har retten til jakt og fangst på vegen sjølv om han ikkje eig denne. Der veg dannar grense mellom grunn som høyrer til ulike eigarar og ingen av desse eig vegen, har kvar av grunneigarane rett til

jakt og fangst på vegen. Det er vidare slege fast i same paragraf at desse reglane også gjeld for rørgater og liknande anlegg. Det bør bety at den kommunale eigeodomen 40/70 som ligg langs elvefaret og grensar opp til fleire eigeodomar, og som nettopp gjeld fallrettar med rørgate, vil falle inn under det som er fastsett i villtova § 33. Søknaden må vurderast på denne bakgrunnen

Vurdering og konklusjon:

Søknaden skal vurderast i høve til *FOR 2012-02-10-134: Forskrift om forvaltning av hjortevilt* ([link](#)).

1. Hjorteviltforskrifta § 10 om krav til valdet

Valdet skal vere samanhengande og ha ei avgrensing og ei form som gjer det eigna til jakt på vedkomande viltart, i dette tilfellet hjort. Med tilvising til Viltloven § 33 som og gjeld jaktrett på rørgater og liknande anlegg, der ulike eigarar som grensar inntil har jaktrett, må det naturleg følgje at søknaden oppfyller krav til samanheng i areal, slik det vert praktisert for vald som blir kryssa av vegar. **Kravet til samanheng og form må derfor vere oppfylt.**

2. Hjorteviltforskrifta § 11 om søknad om godkjenning av vald

Søknaden skal innehalde følgjande opplysningar

- a) Art søknaden gjeld
- b) Kart som viser tydelege grenser for valdet
- c) Fullstendig oversyn over eigeodomar (gnr./bnr.) valdet omfattar og storleik på den einskilde eigeodom innafor valdgrensene
- d) Oversyn over teljande areal som ein ynskjer godkjent
- e) Skriftleg samtykke frå alle jaktrettshavarar i valdet
- f) Namn og nøyaktig adresse for oppnemnd valdansvarleg representant, jfr. § 12.

Desse krava er oppfylte.

3. Hjorteviltforskrifta § 13 om godkjenning av vald

Innafor visse rammer har lokal styresmakt skjønnsfridom til å vurdere om krav til valdet er å oppfatte som oppfylte. I denne saka kan det i utgangspunktet vere nærliggande å stille spørsmål om kor vidt kravet om samanheng og form er oppfylt. Krava til dei andre opplysningane ein søknad skal innehalde er oppfylte. Både i nasjonale, regional og lokale målsetjingar for betre forvaltning av hjortevilt er siktemålet å organisere jakta i store nok og naturleg avgrensa einingar basert på samarbeid innafor område som naturleg høyrer saman. Her er det ei klar målsetjing om å få etablert store vald med tilhøyrande bestandsplanar. Den aktuelle søknaden oppfyller ikkje desse målsetjingane, tvert om i høve til tidlegare godkjent vald for gnr. 40 (Brandal hjortevald). Dette er likevel ikkje eit formalkrav til søknad om godkjenning av vald og vil isolert sett ikkje kunne leggest til grunn for å avslå ein søknad. Slik situasjonen har vore i det aktuelle området dei siste åra, må det vurderast som viktigast å få re-etablert eit grunnlag for å forvalte hjortebestanden gjennom hausting av dyr. Samstundes må kravet for organisering på sikt vere samarbeid over større område i tråd med overordna målsetjingar. Dette gjeld likevel tilhøve mellom private rettshavarar som først og fremst må etablerast på privat basis og innafor dei krav som elles gjeld etter lover og forskrifter og som det bør vere mest mogleg semje om. Kommunen som lokal styresmakt har visse lovheimlar for tvangstiltak for etablering av grunneigarsamarbeid (Viltloven § 37), men dette er omfattande og tidkrevjande formalprosessar som er underlagt eigen forskrift og som bør vere klart forankra i lokalt ynskje om samarbeid.

I nærområdet er allereie godkjende fire andre hjortevald som heller ikkje er i samsvar med overordna målsetjingar for organisering av hjorteforvaltning i store og samanhengande einingar. Arealet for to av dei kvalifiserer for eitt-dyrs-vald på same måten som det vert søkt om i denne saka. Korkje fleirtalet innafor gardsnummer 40, representerte ved Brandal Hjorteviltlag, eller dei grunneigarane som står bak hverande søknad, såg det som aktuelt

med eit breitt samarbeid for godkjenning av vald før søknader for godkjenning av vald 2014 vart utarbeidde og leverte. For søkjarane er dette den einaste måten dei kan gjere seg nytte av lovfesta rettar og verdiar knytt til hjortejakt for 2014 på lik linje med andre grunneigarar i nærområdet.

Konklusjonen er såleis og med tilvising til «Forskrift om forvaltning av hjortevilt» og til «Viltloven» § 33 at minimumskrava til søknad om godkjenning av hjortevald er oppfylte og at søknaden kan takast opp til handsaming.

Miljøkonsekvensar: Uttak av hjort innafor gnr. 40 Brandal.

Økonomiske konsekvensar: Avgrensa stor sett til private interesser.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ubetydelege.

Hareid, 28.05.2014

Bent Arild Grytten
rådmann

Alv Ottar Folkestad
Sakshandsamar